

# DEN KVITKLEDEDE FRÅ AMHERST

AV WILLIAM LUCE



REGIONTEATRET I SOGN OG FJORDANE





Emily Dickinson

## Mitt brev til verda

Her er mitt brev til verda, den  
som aldri skreiv til meg.  
Naturen, øm og veldig, bar  
meg helsing ifrå seg.

Den legg eg no i hender som  
eg aldri sjølv skal sjå.  
For hennar skuld, de gode folk,  
døm kjærleg om meg då!

(Ved Sigmund Skard).

## EMILY DICKINSON

Emily Dickinson er i dag rekna for å vere Amerikas største kvinnelege poet. Ho vart fødd i 1830 i landsbyen Amherst, Massachusetts av velstående foreldre. Som i andre byer i Ny-England var miljøet djupt forankra, både kulturelt og religiøst, i puritanismen.

Livet i Amherst var likevel korkje kjedelig eller utan hendingar for Dickinson-barna, Emily, broren Austin og systra Lavinia. Dickinson-heimen var open for kultur, musikk og litteratur. Emily hadde lett for å få vener, ho var både vittig og pratsam. Hjå den unge Emily var det inga teikn til den seinare tilbaketrekkinga frå omverda. Ho begynte tidleg å skrive lange, fortrulege brev til venninner. Kvar einaste millime-

ter papir var dekt av skrift i nesten mikroskopisk storleik.

Heile livet sitt levde ho i familiehuset i Amherst. Ho vart kjend som ein eksentrisk og romantisk einebuar som alltid gjekk kledd i kvitt. Ho synte seg aldri utanfor eige domen. Den store litterære produksjonen hennar i 1860-åra gjorde at ho meir og meir trakk seg inn i si eiga verd med brev- og diktskriving.

Emily Dickinson tok sjølv ikkje noko steg til å få nokre av dei 1775 dikta sine offentleggjorde. Kort etter at ho døydde fann Vinnie, systra hennar, det låste skrinet med hundrevis av dikt. Dei var gøymde, men såg ut som dei var lagt slik for å bli oppdaga. Kanskje visste ho at skjebnen ville levere hennar brev til verda.





Anne Gullestad.



Fra venstre: Scenograf Karel Hlavaty, Anne Gullestad, instruktør Earle Hyman.



# DEN KVITKLEDDE FRÅ AMHERST

AV WILLIAM LUCE

Spel i 2 akter

Til norsk ved  
Instruktør  
Scenograf

HALLDIS MOREN VESAAS  
EARLE HYMAN  
KAREL HLAVATY

Alt i stykket hender i Amherst-heimen til Dickinsons, i Massachusetts, i tida 1845—1886.

«Personar» i stykket er Emily Elizabeth Dickinson, Maggie Maher, Austin Dickinson, James Francis Billings, Abby Wood, Jennie Hitchcock, lærar Crowell, Edward Dickinson, Mary Lyon, Lavinia Dickinson, katten Buffy, Susan Gilbert Dickinson, Thomas Wentworth Higginson, Charles Wadsworth, Emily Norcross Dickinson.

Emily Elizabeth Dickinson

ANNE GULLESTAD

Lysteknisk

ANTHONY WHITTAKER

Sceneteknisk

LEE REYNOLDS

Sceneadministrasjon

JØRGEN FOGGE

Suffli

KARI SANDTRØEN

Nokre av dikta er omsett av Sigmund Skard.

1 pause: 15 min.

Originaltitel: The Belle of Amherst.

Teaterforlag: Arvid Englund AB.

Prent: Øens Prent, 6800 Førde.

Fotos: Trygve Schönfelder.

## WILLIAM LUCE,

forfatteren, er fødd og oppvaksen i Portland, Oregon. Som ganske ung vann han fleire kunststipend medan han utdanna seg i klassisk musikk. 15 år gammal verka han både som pianist og kyrkjeorganist. Samstundes gav han ut ein del dikt. I 1963 kom diktsamlinga «Spring Song». Frå 1967 reiste han i nokre år med Norman Luboff-koret. Han sang og med andre, kjende sanggrupper.

Interessa for Emily Dickinsons liv og poesi vart tidleg vekt hjå forfattar-poeten William Luce. I to år studerte han dei biografiane som var skriva om Emily og gjekk metodisk gjennom brev- og diktsamlingane hennar. Gradvis vaks historien om Emily fram og fann si form i denne teaterframsyninga med berre eit menneske på scena. Emily Dickinson, eksentrisk, romantisk — aleine, men ikkje einsam, fortel oss sjølv sin historie.

## EARLE HYMAN

er instruktør for framsyninga. Han er amerikanar og har gjesta Noreg fleire gonger. Best kjend er han kanskje for rolla som Othello. Denne har han gjort både på Den Nationale Scene, Det Norske Teatret, for Riksteatret og i Sverige.

Om framsyninga seier Hyman at dette er ei form som er ny for oss. William Luce tek opp gåten om kva for menneske det er som skaper kunst. Eksemplet er ei kunstnerinne og den skapande prosessen ho går gjennom. Han nyttar teatret sine urgamle virkemidler og byggjer dette opp rundt Emily Dickinson.

Emilys dikt utstråler ei indre kraft og ei livsglede som går direkte til hjartet. I den norske omsettinga er ikkje berre det opprinnelege bevart, men den norske språkdrakta gjer på mange vis poesien hennar klårare enn på original-språket.



## HALLDIS MOREN VESAAS



Halldis Moren Vesaas har omsett stykket. Ho har eit namn i norsk litteratur både som diktar og omsetjar. Ho har gjort ein ypperleg innsats som omsetjar av store verk i verdslitteraturen. Halldis Moren Vesaas har og gjeve fine tolkingar av diktarar og dikting i artiklar og essays. Vidare har ho skrive bøker for barn og ungdom som med

rette har fått ord på seg for å vere både særmerkte og av høg kvalitet. Ikkje minst på dette vis har ho virka aktivt for nynorsk måldyrking. Som medlem av Norsk Kulturråd og andre organ har ho gjennom mange år spela ei like stillferdig som viktig rolle når det gjeld å ta vare på «det norske» i diktinga i vid meining.



10g163432

# HENRIK IBSEN

*150 år*

20. mars er det 150 år sidan Henrik Ibsen vart fødd. Regionteatret i Sogn og Fjordane vil markere jubileet med to Ibsen-program. For å dekkje eit breiast mogleg spekter av Ibsen si dikting, er begge framsyningane samansatt av scener og dikt frå Ibsen sine dramatiske verk.

## IBSEN OM IBSEN

Dette er eit program av **Erik Pierstorff** som vart framført under Festspillene i Bergen 1975. Som tittelen ymter om, gir framsyninga eit bilete av Ibsen, skildra gjennom scener frå hans eige dramatiske verk, dikt og brev.

## IBSEN OM UNGDOM

Dr. phil. **Arild Haaland** har for Regionteatret satt saman eit program som tek opp forholdet mor/sønn i Ibsen sine verk. Ibsen skreiv først og fremst om barndom og oppvekst slik denne virker inn på vårt vaksne liv. I familien brytast dei krefte som skaper det vaksne menneske. Desse emner er Ibsen kanskje den første diktar i verda som tek opp. Programmet er meint som eit tilbod til skulane.